

## **Styremøte i Bryggja utviklingslag, 20/2 -17 på Bryggja Omsorgsenter.**

Desse møtte: Solveig Haugan, Øystein Hessevik og Gert Mayer (vara).



### **Sak 1 Kommunegrensejustering, arbeidsgruppa og Bryggja utviklingslag.**

Kort orientering om arbeidet til arbeidsgruppa og korleis denne gruppa oppstod. Det vart stilt spørsmål om arbeidsgruppa skal fortsette å vere ei undergruppe av Bryggja utviklingslag og om den skal kunne kalle seg «Arbeidsgruppa i Bryggja utviklingslag».

Fylgjande vart samråystes vedteke: arbeidsgruppa er ei undergruppe i BU og kan kalle seg «Arbeidsgruppa i Bryggja utviklingslag»

### **Sak 2 Førebuingar til årsmøtet.**

Møte tid: onsdag 15. mars klokka 19.00

Lege ut innkalling og sakliste på bryggja.no og BU si facebookside.

Innkalling i fjt.

Kontakte valnemnda og sette dei i gang med arbeidet deira.

Bestille stor bløtkake(rest til bebuarar på omsorgsenter) med bakeriet.

Arbeidsplan 2017

Søholmen, vidare arbeid med dohus, flytebrygge og ferdigstilling av volleyballbane.

Oppruste/vedlikehalde tilkomst Maurstadbru.

Buldrevegg/klatrevegg innandørs på Bryggja. Grendahuset?

### **Sak 3 Status Søholmen**

Kort orientering av stoda på volleyballbana.

### **Sak 4 Ynskje om kurs i hjertestartar**

Styret vurderer det slik at det er for kort tid sidan sist kurs. Vi tek det opp til vurdering igjen til hausten.